



# ÅRSRAPPORT 2020

— Mangfold, motivasjon og meistring —



Rehabiliteringssenter



## 2020 – ET ANNERLEDES ÅR?

Ja, la oss håpe det. Koronaviruset har preget oss alle, og gjør det fremdeles. Samfunnet har vært pålagt store restriksjoner. Vi er alle bedt om å være i kontakt med færrest mulig. Kun nødvendige reiser har vært tillatt. De fleste av oss har blitt bedre på bruk av elektroniske kommunikasjons-kanaler. Således også styret ved Hauglandsenteret. Vi har hatt styremøter fra hvert vårt hjemmekontor hele året. Det har fungert bra.

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er en ideell organisasjon. Vi har en avtale med Helse Vest RHF som sier at vi skal levere spesialiserte rehabiliteringstjenester, men også levere tjenester innenfor arbeidsrettet behandling. Det har vært redusert aktivitet i 2020 og dermed reduserte inntekter. På grunn av pandemien reduserte Helse Vest aktivitetskravet sitt. Det har bidratt til at vi har fått et positivt resultat.

Pasientbehandlingen er blitt påvirket av pandemien. Spesialisthelsetjenestene ble bedt om å tilrettelegge aktiviteten for å imøtekomme de til enhver tid gjeldende smittevernfaglige råd fra sentrale myndigheter.

På Hauglandsenteret tok administrasjonen tak i utfordringene. Samtlige rutiner ble gjennomgått og nye rutiner, tilpasset situasjonene, ble innført i alle ledd av pasientbehandlingen.

Dette har vært krevende, ikke minst fordi smittevernreglene endret seg flere ganger i løpet av året. Som følge av det har Senteret også vært nødt til å endre sine rutiner flere ganger i løpet av året. Kohortene har blitt mindre for hver gang. Vi har bygget om pasientrom for å kunne ta imot flere pasienter på en trygg måte. Vi har bygget om kjøkken og spisesal og innført servering over disk. Til tross for at alt dette har bidratt til merarbeid og slitasje for de ansatte, har de tatt utfordringene på strak arm. Styret er imponert over den innsatsen administrasjonen har lagt ned og kreativiteten de har utvist for å holde viruset unna senteret og holde aktiviteten i gang.

Det jobbes fortsatt med å utvikle et sjøsportsenter ved Haugland. Beliggenheten er som skapt for det, men pandemien har gjort at det arbeidet har stoppet litt opp.

Senteret har stort sett voksne pasienter, men vi er stolte over at vi også har tilbud til barn som har vært behandlet for kreft.

Tilbakemeldingen fra pasientene har vært bra også i år. Det gleder oss.

Pandemien har gjort at det ikke har vært mulig for de ansatte å reise for å delta på kurs på samme måten som de har gjort i tidligere år. Men som for mange av oss andre har det vært tilbud om å delta på kompetanehevede kurs på nettet, et tilbud som flere har benyttet seg av.

Dessverre har ventetidene ved senteret gått opp. Dette skyldes i stor grad at senteret var stengt i en periode fra 20. mars til 13.mai. Pandemin har også gjort at vi har vært nødt til å kjøre med redusert drift gjennom hele høsten.

På en vårdag, når solen skinner, kan man tillate seg å være litt optimistisk. I Norge blir flere og flere vaksinert for hver dag som går. Smittetallene går ned. Regjeringen har presentert sin plan for gradvis åpning av samfunnet. Vi hører til og med litt optimisme fra Folkehelseinstituttet. La oss håpe at annerledesåret 2020 er over og at 2021 blir et mer normalt år for oss alle.

Elsbeth Tronstad  
Styreleiar



Foto: L. Meier

---

## EIN OMSTILLINGSDYKTIG ORGANISASJON

Det er så lett å bruke fyndord som omstillingsdyktig, endringskompetent og tilpassingsvillig, men i året 2020 har vi verkeleg fått teste kor omstillingsdyktige og endringsvillige vi er. Ned-stenging, permittering, re-opning og re-organisering. Endringar i nasjonale, regionale eller lokale smittevernsreglar - alt har virka inn på kvardagen på senteret. Det har vore ein krevjande situasjon for alle, men vi har fått det til. Organisasjonen har klart å omstille seg og tilpasse aktiviteten til den nye kvardagen. Det er på sin plass å skryte av dei tilsette. Arbeidskvardagen har vore annleis, arbeidsmengda større og kontakten mellom team og avdelingar mindre. Likevel har vi klart å oppretthalde gode tilbod til våre pasientar, noko også brukarevalueringa for 2020 viser.

At senteret måtte stenge ned og sende pasientane heim i mars, var ikkje ein god situasjon. Vi var difor svært glade for at vi alt i mai gradvis kunne starte opp og ta pasientar inn til behandling igjen. Smittevernreglar og system for å i vareta god pasientryggleik gjorde til at vi utover sommaren og hausten ikkje kunne ha fullt belegg. Dette resulterte i at fleire pasientar fekk utsett opphaldet sitt og ventetidene blei lange. For å redusere litt på ventetidene, starta vi i opp med digital oppfølging av pasientar som var planlagt inn på re-opphald.

Det er ikkje til å kome i frå, at det er i situasjonar der ein vert tvungen til å gjere ting annleis, at innovasjon og utvikling oppstår. At den digitale oppfølginga etter rehabiliteringsopphald er svært nyttig for nokon, får vi gode tilbakemeldingar på. Likevel er det viktig at vi får meir kunnskap på nytten av digital rehabilitering. Relevante spørsmål kan vere; kven passar digital rehabilitering for, i kva omfang vil digital rehabilitering vere nyttig og kan digital rehabilitering forbetre eit allereie eksisterande tilbod? Som ein helseinstitusjon som leverer spesialisert rehabilitering, skal tilboda vi gjev vere kunnskapsbaserte. Forsking og evaluering av digital rehabilitering vil vere eit prioritert arbeid hjå oss framover.

Senteret har vist at det står støtt når det er krevjande tider. Vi har ein dyktig stab som er lojale til arbeidsplassen og tek i eit tak når det er nødvendig. Vi har tilsette som er frampå og løysingsorienterte, som ivrar etter å utvikle og gjere tilboda betre. Vi har ein stab vi kan vere stolte over og som vi ønsker å halde på. Difor vart det i samarbeid med styret tidleg bestemt at vi skulle prøve å unngå å permittere tilsette når senteret stengde ned. I staden for vart staben sett i sving med vedlikehald av bygningar og uteområdet. Det vart arbeida med vårt nye elektroniske kvalitetssikringssystem og behandlingsprosedyrar vart revidert og kvalitetssikra. Tilboda innan sjøaktivitetar vart utvida og turstiane rydda og merka på ny. I denne perioden fekk vi også bygd opp ny klatrevegg, noko som har vore eit høgt verdsett tilskot til aktivitetstilboda på senteret.

Også 2021 har til no vore prega av pandemien, men vi ser fram mot ein sommar og ein haust der kvardagen igjen vil normalisere seg. Der både tilsette og pasientar kan omgås utan å tenke på kohortar og avstand. Der ein kan vere aktive saman både ute og inne, der ein berre kan sitte saman, ete saman, vere saman. Vi er best når vi står saman!

Inger Johanne Osland  
Direktør



Foto: A. Harfveit

## STYRET

### STYRET SI SAMANSETTING:

Styret har i 2020 hatt 7 medlemmar og 3 varamedlemmar

Styreleiar Elsbeth Sande Tronstad  
Nestleiar Børre Jacobsen  
Styremedlem Aud Viken  
Styremedlem May Aasebø Hauken  
Styremedlem Bjørn Lied Tønnesen  
Styremedlem Katrine G. Hjertholm (repr. for tilsette)  
Styremedlem Karine H. Rønneseth (repr. for tilsette)

Vara:

Jofred Åsnes  
Jøril Hovland  
Øyvind Lindelid (repr. for tilsette)



Foto: A. Hartveit

## BRUKARUTVALET



Foto: A. Hartveit

### BRUKARUTVAL:

Brukarutvalet har i 2020 hatt 4 medlemmar og 3 varamedlemmar.

Ivar Halland (i utvalet fram til sommaren)  
Hørselshemmedes Landsforbund  
Sogn og Fjordane

Øystein Ryningen  
Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane

Kari Ann Holme  
MS Forbundet Sogn og Fjordane

Gerd Torkildsen  
Blodkreftforeningen Sogn og Fjordane

Vara:  
Synnøve S. Engen (fast medlem frå hausten av)  
Hørselshemmedes Landsforbund  
Sogn og Fjordane

Hjørdis Åsnes  
Norsk Revmatikerforbund Sogn og Fjordane

Stein Magne Aksnes  
Kreftforeningen Hordaland



## ALLE MANN I FULL SVING!



12.mars 2020 stengte Norge ned og vi måtte sende alle inneliggende pasientar heim. Det var mykje som var usikkert og det var vanskeleg å vite kor lenge denne situasjonen skulle vare. Det som var sikkert, var at kvardagen vart ganske annleis utan pasientar på senteret.

Medan vi venta på ei avklaring om vårt personell skulle vere i beredskap for sjukehus eller kommune, vart dei tilsette sett i sving med alternative arbeidsoppgåver. Dei var positive og omstillingsdyktige og gav seg i kast med kvalitetssikringsarbeid, revisjon og utarbeiding av nye prosedyrar, bygningar blei vaska både utvendig og innvendig og uteområdet fekk eit løft.

Oppgåver som ein elles ikkje får tid til, var det no mogleg å ta tak i. Alle dei flotte turstiane i nærområdet skulle ryddast, merkast og leggst til rette for at flest mogleg pasientar kan få gleder av dei. Dei tilsette sto på i alt slags vær med

steinsetting, legging av plank over myrete terreng samt rydde vekk busk og kratt. Rasteplassar blei sett i stand, benker plassert ut langs ruta og nye skilt sett opp slik at det vert lett å finne fram. Nyttig arbeid som kjem pasientane til gode i tida framover.

Medan nokon var ute i terrenget, fekk andre ansvar for å finne fram utstyr til sjøaktivitetar og lage betre system for vasking, tørking og oppbevaring av utstyr. Eit av dei gamle nausta blei tømt og med ny innreiing vart det ein god stad for lagring av våtdrakter, årer og anna utstyr knytt til sjøaktivitetar. Nytt kajakkstativ vart snekra og vaskekum for skylling av våtdrakter vart sett opp på utsida av naustet. Etter nokre dagars intens jobbing, var alt klart for sesongstart.

Vi er veldig glade for at pasientane no er tilbake, og at vi kan nyte godt av den gode innsatsen som vart lagt ned!





## BESØK AV ROBERT MOOD

I byrjinga av februar fekk vi besøk av president i Norges Røde Kors, Robert Mood. Saman med distriktisleiar Synnøve Sande og dagleg leiar Dag Hovland i Sogn og Fjordane Røde Kors, kom dei og brukte to dagar på Haugland.

Robert Mood blei tatt i mot i Bekkerhuset og fekk høyre historia om Christian Bekker og bakgrunnen for etableringa av institusjonane på Haugland. Christian Bekker ynskte at plassen skulle brukast til ideelle, humanitære aktivitetar, gjerne retta mot barn og unge. Og det er nettopp det ein har fått til her i bukta på Haugland.

Mood fekk høyre om rehabiliteringssenteret sine ulike tilbod til både barn, ungdom og vaksne. Om korleis vi bruker tilpassa fysisk aktivitet, undervisning og rettleiing for å bygge meistringsevne. Vidare fekk han høyre samhandlingskoordinator Charlotte Willemoes orientere om prosjektet «ReStart»: Eit tilbod til ungdom som står i fare for å falle frå skule/utdanning. Dette er eit prosjekt der samarbeidet med frivillige i Røde Kors er svært sentralt og som vi håper å kunne få finansiering til å starte opp ganske snart.

Ein viktig del av besøket var foredraget Robert Mood hadde i auditoriet på UWC. Fokus i foredraget var kva kvalitetar framtidens leiarar treng – verdiar, kultur, samarbeid og teamwork. Både pasientane og tilsette sette stor pris på å kunne delta på foredraget saman med studentar og tilsette på UWC.



Foto: Ola Hovland



---

## MED SATSING PÅ FORSKING

Det å vere ein spesialistinstusjon innan rehabilitering krev at ein driv kunnskapsbasert, men også at ein kontinuerleg evaluerer tilbod og aktivt deltek i relevante forskingsprosjekt. Senteret har heilt sidan byrjinga hatt stort fokus på forskning, og gjennomførte alt i 1998 det første strukturerte forskingsprosjektet i Noreg på rehabilitering av kvinner som hadde gjennomgått behandling for brystkreft. Gjennom vårt Forsking- og utviklingscenter har vi etter dette både gjennomført egne forskingsprosjekt, deltatt i ulike multisenterstudie og bidratt med data til andre sine forskingsprosjekt.

Hausten 2019 blei det vedtatt at senteret skulle bygge opp sin eigen forskingsavdeling, og ny forskingsleiar blei tilsett september 2020. Tarja Kvalheim har dr. grad frå Universitet i Bergen og har lang erfaring som forskar ved ulike instusjonar, seinast som forskar i Helse Førde. Ho har spesiell interesse innan dataanalyse og har erfaring med dette både frå Finland og Sverige.

Etter at Tarja begynte i jobben på Haugland, har mykje av tida gått til å etablere system for å få eit lokalt kvalitetsregister ved senteret. Dette er viktig for å kunne dokumentere pasienten si nytte av rehabiliteringa. Med eit nytt elektronisk pasientadministrasjonssystem har ein også forventingar om å kunne hente inn relevante data både før, under og etter at pasienten er til behandling. Dette vil kunne betre kvaliteten på behandlinga pasienten får under opphaldet og også gje oss viktig informasjon om effekten av behandlinga på sikt.

Senteret inngår i fleire ulike forskingsnettverk og til tross for reiserestriksjonar under pandemien, har ein klart å opprettehalde mykje av aktiviteten i desse nettverka. Dette er nettverk som bidreg med viktig forskning for å auke kunnskapen innan rehabilitering. Med ny forskingsleiar på plass, vil senteret i større grad kunne prioritere desse nettverka framover.



Foto: A. Hartveit

---

## KLATREVEGG

Klatring er spennande og utfordrande, og gjer gode meistringsopplevingar. Dette er ein aktivitet som kan passe for mange, og med tilrettelegging frå stab kan og dei med funksjonsnedsetting klatre i veggen. Derfor er det svært gledelig at vi no har fått på plass ein heilt ny klatrevegg på senteret.

Klatreveggen sto ferdig på våren, og har sidan den gong vore flittig brukt av pasientar og tilsette. Vi får gode tilbakemeldingar frå pasientane, og mange fortel om stor meistringsfølelse når dei klatrar. Det er utrolig kjekt å ha fått endå ein aktivitet å tilby pasientar som er på rehabilitering hjå oss.



Foto: A. Hartveit



---

## FOKUS PÅ SMITTEVERN

Smittevern kan definerast som alle enkelttiltak som er med på å motverke og hindre at infeksjonar oppstår og vert spreidde blant personar. Det seier seg difor at smittevern er eit felles ansvar og ikkje noko som kun kan ligge på ein person. Vi som institusjon i spesialisthelsetenesta har alltid hatt stort fokus på godt smittevern, men året 2020 vart også her på senteret spesielt i høve dette. Som kvalitetsleiar, har pandemien medført store endringar i arbeidsoppgåver, der arbeidet i stor grad har vore ein pågåande jobb med å sikre godt smittevern gjennom kontinuerleg oppdatering av retningslinjer og god informasjonsflyt til både tilsette og pasientar. Arbeid med risikovurdering og planar for smittevern, revidering eller utarbeiding av nye prosedyrar og instruksar, opplæring av tilsette, merking om avstand, omlegging av bruk av fasilitetar, omlegging av timeplaner og inndeling i kohortar, oversikt over nærkontaktar og kontroll på områder med høg smitte, er noko av det som har prega arbeidsdagane.

Vi har vore heldige med at det har vore lite smitte i senteret sitt nærområde, men med pasientar som kvar veke kjem til senteret frå store delar av vestlandet, nokre også frå andre delar av landet, så har vi måtte vere årvakne og heiletida prøve å vere i forkant for å unngå å få smitte inn på institusjonen. Samarbeid med andre institusjonar, smittevernlege i kommunen og hygienesjukepleiar i Helse Førde har vore nyttig og til god hjelp. Det same har flinke medarbeidarar og pasientar som har følgd opp retningslinjer og gjort sitt for at det skulle bli smittefritt her på senteret. Eg opplever at dei fleste er blitt flinkare til både å oppdatere seg og forstå kvifor ein bør tenke på smittevern til ei kvar tid.

Ved tilbakeblikk på året som er gått, ser eg at det har vore eit hektisk år med mange endringar, men at det har også vore svært lærerikt år. Ein del av det som har blitt innført og innarbeidd no under pandemien, vil truleg også bli ein del av praksis framover. Etter eit vel gjennomført år med tanke på smittevern, ser eg fram til eit nytt år der det forhåpentlegvis etter kvart i alle fall kan lettast på nokre av dei strengaste reglane.

Linda Meier  
Kvalitetsleiar



Foto: A. Hartveit



## EI PASIENTHISTORIE

Når Monica kom til Haugland på rehabiliteringsopphald var ho sterkt prega av langvarig sjukdom. Ho hadde for eit år tilbake fått bekrefta Addison sjukdom, ein sjukdom som kjem gradvis. Dette resulterte i at Monica var blitt nedkjørt både fysisk og psykisk. Ho vart 100% sjukemeldt i nokre månadar, ein periode som innebar mykje medisin, stillesitting og lite gjennomtenkt kosthald. Ho opplevde vektauke og mistrivnad, og det var på grunn av alle desse faktorane ho vart tilvist til opphald på Haugland Rehabiliteringssenter.

«Eg var supermotivert når eg kom til Haugland. Eg var klar for endring og eg gleda meg veldig til å komme i gong» fortel Monica. Den første tida brukte ho mykje av tida aleine og saman med helsepersonell. Dagane bestod av rutinar, måltider, planlagde aktiviteter og individuelle tilretteleggingar for eigne behov. «Eg var kjempeivrig og ville gjere alt på ein gong, men flinke folk fekk meg raskt ned på jorda» fortel Monica. I samråd med legen og koordinator begynte ho forsiktig å trene. Vidare fortel Monica at det var veldig lett å komme i gong med nytt kosthaldsregime, fordi det var eit variert og sunt mattilbod ved senteret. Ho kom etter kvart inn i ein god rytme og fekk meir energi for kvar dag som gjekk.



Foto: Privat

### «Eg må sei deg - det funkar»

På timeplanen sto og kognitiv terapi og kosthaldsrettledning, og begge deler var lærerikt og nyttig. Det var spesielt kognitiv terapi som var essensielt fortel Monica. Etter å ha vore kronisk sjuk over ein lengre periode hadde sjølvfølelsen og sjølvbilete fått seg ein real knekk. «Her må eg få sei at menneska som jobbar på Haugland ikkje er vanlege folk. De er relasjonelle, varme, nære og hjartegode, profesjonelle, flinke folk som ser menneska der de er» seier Monica. Monica fortel vidare at undervisningsopplegget var kombinert med teori og praktiske eksemplar som var lett å relatere seg til. «For meg var det overraskande kor stor del av utbyttet mitt som er knytt til desse øktene – undervegs og i ettertid».

Frå rehabiliteringsopphaldet tar Monica med seg mange nye lærdommar. Spesielt ein ting som legen ved senteret sa har blitt med ho heim. Han sa: «Eg høyrer du seier det gir deg mykje – men kor mykje tapper det deg i andre enden?». I ettertid stiller ho seg sjølv dette spørsmålet før ho stuper inn i noko – for å ta litt betre vare på seg sjølv.

Etter at Monica har kome heim frå rehabilitering, ser ho tilbake på opphaldet som eit vendepunkt. Ho bestemte seg raskt for at opphaldet skulle ha ein større betydning i livet hennar. Ho brukar dei kognitive strategiane aktivt – det gjer at dei gamle mønstra ikkje får feste seg igjen – og at det er blitt lettare å etablere nye mønstre.

«Eg må sei deg – det funkar. Sjå på meg: Eg er regulert på medisin, eg trener som før i tida, eg arbeider 100% og eg har tatt av 30kg sidan eg kom til Hauglandsenteret. Eg har ei helse no som tillèt meg å gjere det eg vil i livet. Framtida ser lys ut!».

---

## PASJONISTEN

Mange av dei som har vore på rehabilitering hjå oss, hugsar den fargerike, syklende og engasjerte sjukepleiaren som inviterte til dogg-vassing før frukost. Solgunn starta som hjelpepleiar ved senteret for nærare 25 år sidan, og tok så vidareutdanning til sjukepleier. I jobben på Haugland har ho i tillegg til å vere ein fagleg god sjukepleiar, også inspirert både kollegaer og pasientar med si store interesse for kultur og mat. Mang ein kollega har fått gleda av å få servert sju-rettars vegetarmiddag heime i stova hjå Solgunn.

Solgunn fortel at det som har vore mest gjevande i jobben, er det å ha vidareutdanna seg innan kognitiv terapi. Det å kunne introdusere eit verktoy til pasienten, som pasienten sjølv kan bruke etter at dei har avslutta opphaldet på Haugland, er motiverande. Sjølv sagt er det og viktig å hjelpe pasientar med praktiske ting, men det å kunne hjelpe dei på det mentale planet har vore spesielt kjekt.

På Haugland har vi stort fokus på å legge til rette for meistrings-opplevingar. Det å sjå korleis pasientar meistrar nye situasjonar og nye aktivitetar, har vore fantastisk. Ved å arbeide på senteret og treffe menneske med svært mange ulike diagnosar og utfordringar, vert ein stadig minna på det som er viktig i livet. Ein har lært å vere takksam for at ein har god helse, men og lært at det er viktig å leve eit sunt liv og kvar dag vere i fysisk aktivitet. Ein må leve som ein lærer, seier ho. Og det er noko Solgunn i aller høgste grad gjer.

Tysdag 27. oktober hadde Solgunn sin siste arbeidsdag på senteret. Ho seier ho kjem til å sakne møta med pasientane. Dei individuelle samtalan som gjer at ein kjem nær. Og alle dei gode tilbakemeldingane. Det er noko ein set stor pris på. Likeins kjem ho til å sakne gode kollegaer og samhaldet på jobb. Det å vere del av eit fellesskap og saman arbeide for at pasientane skal nå målet sitt.

No ser ho framover og gler seg til ein ny livsfase. Som pensjonist skal ho dyrke pasjonane sine, og ho har planane klare. Dyrking av grønsaker, lære samisk, delta på kulturarrangement, lære andre å lage vegetarmat, sykle, reise og meditasjon for å nemne noko av det som står på lista. Ho ser fram til å vere ein pasjonist og vil fortsette å leve som ho lærer.



Foto: A. Hartveit



---

## UTDANNINGSINSTITUSJON

Kvart år tek vi i mot to turnuskandidatar i fysioterapi i tillegg til praksisstudentar. I 2020 hadde vi grunna pandemi kun ein turnuskandidatar frå Høgskulen på Vestlandet som gjennomførte ordinær turnustid på 6 månadar. Vi har også ein lærekandidat i helsefag som starta i 2019 og som skal vere på senteret i 2 år.

**Turnuskandidatar:**

15.02.20-16.08.20      1 turnus fysioterapeut (frå Høgskulen Vestlandet, Bergen)

**Lærekandidat:**

21.10.19 – 20.10.21      1 lærekandidat i helsefag (Dale vidaregåande skule)

**Lege i spesialisering:**

I 2020 har vi hatt ein lege i spesialisering til fysikalsk medisin og rehabilitering.

01.09.17 – 01.08.20      Malgorzata Tveit

Årleg har vi brukt å ha mellom 20 og 25 studentar i praksis. Praksisperioden kan vere alt frå 1 veke til 9 veker. I 2020 hadde vi grunna pandemi færre studentar enn normalt, med ni studentar i praksis fordelt på faggruppene; fysioterapi (1), ergoterapi (2) og sjukepleie (6). Alle studentane kom frå Høgskulen på Vestlandet (Førde og Bergen).

---

## NETTVERKSARBEID

### VI DELTEK I FØLGANDE NETTVERK:

- AU for fagnettverk innan habilitering og rehabilitering, Møteplassen
- Kjernegruppa for helsesportssentra
- Nasjonalt nettverk for Uterehabilitering
- Referansegruppe for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
- Programkomite for regional forskingskonferanse
- Nettverk for ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling
- FOU-nettverket Virke / ReHab nytte
- Nettverk for forskning og utvikling innen kreftrehabilitering




## KOMPETANSEUTVIKLING

Dette året vart det ein del endring i høve planer om kurs grunna pandemien. Tilsette ved senteret deltok i perioden 01.01.20- 17.03.20, på 7 ulike kurs, konferansar eller vidareutdanningar som inkluderte fysisk oppmøte og reising. Frå perioden medio mars og ut 2020, har tilsette grunna pandemi kun fått delteke på digitale kurs. I denne perioden har tilsette delteke på 34 ulike webinar som har vart i frå ein time til heile dagar.

63 % av all tid brukt på kurs/konferanse/vidareutdanning er direkte knytt til satsingsområda våre. I tillegg kjem andre relevante fagområder som m.a. kognitiv funksjon, lunge, ernæring, hjerneslag, fatigue, fallførebygging og aktuelle rehabiliteringskonferansar. Dette utgjør om lag 17 % av tida brukt på kurs.

Det er ei god fordeling på faggrupper i høve kursdeltaking på helseavdeling.



## DRIFSAVTALAR

### Senteret har driftsavtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester.

Avtala omfattar totalt 21 212 døgn og 250 dagar. Innanfor denne volumramma skal følgjande pasientgrupper prioriterast:

- Svulstar
- Endokrine sjukdommar, ernæringsjukdommar og endokrine forstyringar
- Sjukdommar i nervesystemet
- Sjukdommar i øyre og øyrebeinskute
- Sjukdommar i muskel- og skjelettsystem og bindevev - kroniske muskel og blautdelsmerter
- Sjukdommar i sirkulasjonssystemet, -hjerneslag
- Osteogenesis Imperfecta
- Multiple Osteokondromer/ Olliersjukdom


Vi har i hovudsak tilbudd rehabilitering til vaksne over 18 år, men frå 2018 vart det også opna opp for å kunne gje tilbod til barn innan dei diagnosegrupper vi har avtale på. I 2020 hadde vi eit gruppetilbod til barn som var behandla for kreft.

Avtalen vart hausten 2019 forlenga til ut 2022.

### Arbeidsretta behandling

Avtala innan arbeidsretta behandling er ei aktivitetsbasert avtale som gjeld for eitt år om gangen. Hausten 2020 fekk vi melding om at avtala er forlenga ut 2022. Avtala omfattar totalt 4185 døgn og 1400 dagar, dvs 13 døgnplassar og 4 dagsplassar.


## DIAGNOSEFORDELING






## PASIENTSAMANSETTING


I 2020 kom 97% av pasientane våre frå Helseregion Vest



Når det gjeld fordeling på kommunar var det flest pasientar frå:



I 2020 var pasientane tilvist frå:




Frå spesialisthelsetenesta var det Helse Bergen som tilviste flest pasientar (264 søknadar).

**874** PASIENTAR FRÅ TOTALT

**77** KOMMUNAR HAR VORE HER PÅ REHABILITERING I 2020

## EPIKRISETID


Diagrammet viser kor mange prosent av epikrisene som har blitt sendt ut innan 7 dagar (gjennomsnitt for kvar månad). Senteret var nedstengt i april og mai, og er difor satt til 0. Vi ser ein variasjon mellom 80% (september) og 100% (juli), og årsgjennomsnittet var 92%.



## SUBJEKTIV VURDERING AV ENDRING

Patients' Global Impression of Change scale (PGIC) måler pasienten sitt overordna inntrykk av endring i eiga helse. Totalt svarta 68,2% av pasientane på PGIC i 2020.

82,9% av pasientane opplever betring av eiga helse ved avreise.






## LIVSKVALITET

Det er eit mål for oss at eit rehabiliteringsopphald skal føre til auka livskvalitet for pasientane. For å kartlegge dette, nyttar vi skjemaet EQ-5D-5L, der fem ulike kategoriar (Gange, Personleg stell, Vanlege gjeremål, Smerter/ubehag og Angst/depresjon) vert vektlagt ved ankomst og ved avreise. Kvar kategori vurderast på skala 1-5, der 1 er best og 5 er verst. Størst positiv endring blei observert i "Vanlege gjeremål" og "Smerter/ubehag", med 0,2 og 0,18 gjennomsnittlig forbedring respektivt.

Pasientane blir bedt om å vurdere kor god eller dårlig helse er i dag, på skala frå 0-100, der 100 er best. Gjennomsnittsskår hos pasientane aukar frå 48 ved ankomst til 55,4 ved avreise.


Det var 590 pasientar som svarte på skjemaet både ved ankomst og avreise. Dette utgjør 68% av pasientane ved senteret.



## ENDRING I PSYKISK HELSE

Pasientane blir kartlagt for angst og depresjon både ved ankomst og avreise. 96,2% av pasientane har blitt kartlagt for angst og depresjon ved ankomst og 82,7% har svarta ved avreise. 56,6% skårer innan normalområdet for angst og 67,8% innan normalområdet for depresjon ved ankomst.


Desse talla aukar til 63,5% og 73% respektivt ved avreise. Ved ankomst skårer 24,1% av pasientane moderat til alvorleg angst og 15,6% skårer moderat til alvorleg depresjon. Desse tall reduseres til 17% og 10,2% respektivt ved avreise.




# BRUKAREVALUERING

Senteret gjennomfører systematisk måling av brukertilfredsheit både kvalitativt og ved elektronisk spørjeundersøking. Den elektroniske spørjeundersøkinga består av 39 spørsmål. I 2020 var det 82% av pasientane som svarta på brukarundersøkinga

## Vurderingsskala




## Behandlarane






## Vurderingsskala




## Opphaldet

- Måtte du vente for å få eit tilbod ved institusjonen?
- Vart du tatt i mot på ein god måte då du kom til institusjonen?
- Virka institusjonen førebudd då du kom?
- Er du fornøgd med lengda på opphaldet?




## Organisering

- Opplvde du at arbeidet i institusjonen var godt organisert?
- Var du fornøgd med timeplanen for aktivitetane dine under opphaldet?
- Syns du det tok lang tid før timeplanen var klar?
- Fulgte institusjonen opp timeplanen som planlagt?
- Alt i alt, kor fornøgd er du med undervisningstilbodet du fekk på institusjonen?



## Omgjevnader og miljø


- Fekk du inntrykk av at bygningar og lokala på institusjonen var i god stand?
- Var lokala tilrettelagt dine behov?
- Var uteområda tilrettelagt for dine behov?
- Var det god utval av utstyr til rehabiliteringa di?
- Fekk du inntrykk av at utstyret som vart brukt i rehabiliteringa var i god stand?




## Vurderingsskala




## Var fylgjande tilfredsstillande på institusjonen?



## Generelle vurderingar



## Utbyte av rehabiliteringa





# Årsmelding for 2019

## Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

### 1. Art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og avtale om arbeidsretta behandling. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

### 2. Resultat og stilling

Rekneskapet for 2020 er positivt med kr. 7 676 842,-. Bokført egenkapital er auka frå kr. 29 334 161,- til kr. 37 021 003,-.

### 3. Framtidig utvikling

Aktivitet og drift har vore stabil dei seinare åra. Sentralt i driftsgrunnlaget er driftsavtale med Helse Vest RHF som er forlenga til å gjelde fram til 31.12.2022.

Driftsåret 2020 skil seg frå tidlegare år grunna Covid-19 pandemien. Senteret stoppa inntak av nye pasientar 12. Mars og hadde heilt stengt frå 20.03.20. Aktiviteten vart gradvis tatt opp igjen frå 13.05.20 og frå september var vi oppe i eit belegg kring 87% av avtala. Tilsette vart permittert frå 01.05, men frå 25.06.20 var kring 90% tilbake i jobb. Redusert aktivitet har medført reduksjon i inntekter. Helse Vest reduserte krav til aktivitet, noko som har bidratt til at vi likevel får eit positivt resultat. Likviditet og egenkapitalen er god.

Pandemien har innverknad på drifta også i 2021, men styret meiner at nødvendige tiltak er sett i verk for å sikre ei god drift.

Selskapet har fått avslag på søknad om skattefritak.

### 4. Framleis drift

Styret meiner at føresetnaden for framleis drift er til stades og dette er lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

### 5. Finansiell risiko

Selskapet er i liten grad eksponert for finansiell risiko. Marknadsrisiko er beskjeden så lenge ein har driftsavtale med helseføretaket i regionen. Det same gjeld kredittrisiko og likviditetsrisiko. Det er liten risiko for vesentlege tap på krav og selskapet har solid likviditet.

### 6. Arbeidsmiljø

Totalt sjukefråvær i 2020% var på 6,5%. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.

### 7. Likestilling og diskriminering

Tal årsverk sysselsatt i rekneskapsåret var 66.

Gjennomsnittleg tal tilsette var 85, av dette var 20 menn og 65 kvinner. Selskapet sitt styre har 7 medlem, to menn og fem kvinner.

Selskapet praktiserer likestilling mellom kjønna og diskrimineringslova sine formål er oppfylte i det daglege. Styret har soleis ikkje funne det påkrevd å sette i verk spesielle tiltak på desse områda.

### 8. Ytre miljø

Selskapet har ikkje verksemd som verkar inn på det ytre miljø.

	2020	2019
<b>KONTANTSTRØMMER FRA OPERASJONELLE AKTIVITETER</b>		
Resultat før skattekostnad	9 842 887	8 017 275
Periodens betalte skatt	-1 494 729	-1 165 478
Ordinære avskrivninger	1 290 203	1 115 499
Nedskrivning finansielle anleggsmidler	0	0
Pensjonskostnad uten kontanteffekt	234 803	-824 708
Endring i varelager	-27 877	-24 843
Endring i kundefordringer	968 771	-932 977
Endring i leverandørgjeld	-786 564	330 904
Endring i andre tidsavgrensningsposter	-7 043 010	-2 886 191
<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>2 984 484</b>	<b>3 629 480</b>

	2020	2019
<b>KONTANTSTRØMMER FRA INVESTERINGSAKTIVITETER</b>		
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-1 947 716	-1 961 694
Utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler i andre foretak	-47 546	-47 546
<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>	<b>-2 003 897</b>	<b>-2 009 240</b>

	2020	2019
<b>KONTANTSTRØMMER FRA FINANSIERINGSAKTIVITETER</b>		
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter	980 587	1 620 240
Beh. av kont. og kontantekvivalenter	3 215 297	1 595 057
<b>Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved per. slutt</b>	<b>4 195 883</b>	<b>3 215 297</b>

**DRIFTSINNEKTER**

**OG DRIFTSKOSTNADER**

	2020	2019
Driftsinntekter	68 983 261	76 158 863
Annen driftsinntekt	1 081 883	2 419 737
Leieinntekt	325 048	460 727
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>70 390 192</b>	<b>79 039 327</b>
Varekostnad	1 911 136	3 209 279
Lønnskostnad	39 267 055	45 765 004
Ordinær avskrivning	1 290 203	1 115 499
Annen driftskostnad	18 715 116	21 624 926
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>61 183 509</b>	<b>71 714 708</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>9 206 683</b>	<b>7 324 619</b>

**FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER**

Renteinntekt fra foretak i samme konsern	604 730	685 211
Annen renteinntekt	25 200	7 916
Nedskrivning av finansielle anleggsmidler	9 121	0
Annen rentekostnad	-2 847	-471
Netto finansresultat	636 205	692 656
Resultat før skattekostnad	9 842 887	8 017 275
Skattekostnad	-2 166 045	-1 763 449
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>7 676 842</b>	<b>6 253 826</b>

**OVERFØRINGER**

Overført til/-fra annen egenkapital	7 676 842	6 253 826
<b>Sum overføringer</b>	<b>7 676 842</b>	<b>6 253 826</b>



# Balanse

EIENDELER	2020	2019	EGENKAPITAL	2020	2019
Anleggsmidler					
Imaterielle eiendeler			<b>Innskutt egenkapital</b>		
Utsatt skattefordel	1 826 756	1 802 199	Aksjekapital	2 558 312	2 558 312
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>	<b>1 826 756</b>	<b>1 802 199</b>	Sum innskutt egenkapital	2 558 312	2 558 312
<b>Varige driftsmidler</b>			<b>Opptjent egenkapital</b>		
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	767 546	909 646	Annen egenkapital	34 462 691	26 785 849
Maskiner og anlegg	158 700	243 400	Sum opptjent egenkapital	34 462 691	26 785 849
Transportmidler	838 444	593 314	Sum egenkapital	37 021 003	29 344 161
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	3 485 042	2 845 859	<b>Gjeld</b>		
<b>Sum varige driftsmidler</b>	<b>5 249 732</b>	<b>4 592 218</b>	Avsetning for forpliktelser		
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			Pensjonsforpliktelser	8 673 515	8 438 712
Investeringer i aksjer og andeler	778 086	721 905	Sum avsetninger for forpliktelser	8 673 515	8 438 712
Sum Finansielle anleggsmidler	778 086	721 905	Kortsiktig gjeld		
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>7 854 574</b>	<b>7 116 323</b>	Leverandørgjeld	1 644 563	2 431 127
Omløpsmidler			Betalbar skatt	2 190 602	1 494 729
Varer	332 430	304 553	Skyldige offentlige avgifter	2 901 838	3 132 070
<b>Fordringer</b>			Annen kortsiktig gjeld	15 923 565	4 262 797
Kundefordringer	25 427	994 198	Sum kortsiktig gjeld	22 660 568	11 320 723
Andre kortsiktige fordringer	2 915 570	428 000	Sum gjeld	31 334 083	19 759 435
Fordring på selskap i samme konsern	53 031 202	37 045 226	<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>68 355 087</b>	<b>49 103 596</b>
Sum fordringer	55 972 199	38 467 423			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4 195 883	3 215 297			
Sum omløpsmidler	60 500 512	41 987 273			
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>68 355 087</b>	<b>49 103 596</b>			

## Noter

### Note 1 - Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge.

#### Hovedregel for vurdering og klassifisering av inntekter og utgifter

Regnskapet bygger på de lovbestemte grunnleggende regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk. Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester. Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper.

#### Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

### Note 2 - Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm.

Lønnskostnad	2020	2019
Lønn	31 376 768	37 622 724
Folketrygdavgift	3 555 963	4 401 892
Pensjonskostnader	4 042 110	4 350 393
Endring i pensjonsforpliktelsene	234 803	-824 708
Andre ytelser	57 411	214 703
Sum	39 267 055	45 765 004

Antall årsverk	66	75
----------------	----	----

Ytelser til ledende personer	Daglig leder	Styret
Lønn	1 009 559	79 750
Annen godtgjørelse	6 167	0
Sum	1 015 726	79 750

Ytelse til revisor, inkl. mva	2020	2019
Lovpålagt revisjon	73 000	73 300
Andre tjenester	15 900	20 100
Sum	88 900	93 400

### Note 3 - Varige driftsmidler

	Bygg	Inventar, utstyr, maskiner	Sum
Anskaffelseskost 01.01	2 217 238	12 578 246	14 795 484
Tilgang kjøpte driftsmidler		1 947 716	1 947 716
Avganger	-	-	-
Anskaffelseskost 31.12.20	2 217 238	14 525 962	16 743 200
Akk. avskrivninger 31.12.20	1 477 480	10 015 986	11 493 467
Av- og nedskriv. pr. 31.12.20	1 477 480	10 015 986	11 493 467
Bokført verdi 31.12.20	739 758	4 509 975	5 249 733
Årets ordinære avskrivninger	131 500	4 509 975	5 249 733
Økonomisk levetid	10 år	3 - 10 år	
Avskrivningsplan	Lincær	Lincær	

### Note 4 - Aksjekapital, aksjonærinformasjon og egenkapital

Aksjekapitalen i selskapet består av to aksjeklasser. B-aksjene gir ikke stemmerett.

	Aksjonærene		Totalt antall aksjer
	SFRK EIGEDOM AS	SFRK EIGEDOM AS	
Antall	2 500 000	58 312	2 558 312
Klasse	A	B	
Pålydende	1	1	
Eierandel	97,7%	2,3%	100%
Stemmeandel	100%	0%	100%

Spesifikasjon av egenkapital	Aksjekapital	Annen egenkapital	Sum
Egenkapital 01.01	2 558 312	26 785 849	29 344 161
Årets resultat		7 676 842	7 676 842
Egenkapital 31.12	2 558 312	34 462 691	37 021 003

### Note 5 - Leigeavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med kr 7 966 896.

# Noter

## Note 6 - Tilknyttet selskap i samme konsern

Mellomværende med morselskap, Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS:

Mellomværende pr 31.12	2020	2019
Annen godtgjørelse	53 031 202	37 045 226

Selskapet er deltaker i konsernkontoordning med morselskap Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. Fordringen er i sin helhet som følge av konsernkontoordningen.

## Note 7 - Bankinnskudd, kontanter og lignende

Innstående midler på skattetrekkskonto (bundne midler) er på kr 1 457 668.

## Note 8 - Skattekostnad

Spesifikasjon av skattekostnad:	2020	2019
Betalbar skatt	2 190 602	1 494 729
Endring i utsatt skattefordel	- 24 557	268 720
Skattekostnad	2 166 045	1 763 449

Avstemming skattekostnad	2020	2019
Resultat før skatt	9 842 887	8 017 275
Permanente forskjeller	2 775	- 1 600
Endring i midlertidige forskjeller	111 620	- 1 221 452
Skattepliktig inntekt	9 957 282	6 794 223
Skattesats	22 %	22 %
Sum betalbar skatt i balansen	2 190 602	1 494 729

Midlertidige forskjeller	2020	2019
Varige driftsmidler	- 374 758	-441 760
Fordringer	744 836	688 655
Pensjonsforpliktelse	- 8 673 515	-8 438 712
Sum	- 8 303 437	-8 191 817
Grunnlag for beregning av utsatt skatt	- 8 303 437	- 8 191 817
Utsatt skattefordel (22%)	1 826 756	1 802 199

## Note 9 - Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktelsar

Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Selskapet har en ytelsesbasert pensjonsordning for sine ansatte. Ytelsesbasert ordninger gir rett til definerte fremtidige ytelser. Disse er i hovedsak avhengig av antall opptjeningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytelsene i folketrygden.

Forpliktelsen er fondert gjennom et forsikringsselskap.

Pensjonsordningen medfører en regnskapsmessig forpliktelse som er balanseført i regnskapet. Den balanseførte forpliktelsen inkluderer også avtalefesta pensjon (AFP).

	2020	2019
Nåverdi av årets pensjonsopptjening	5 773 586	6 447 705
Rentekostnad av pensjonsforpliktelsen	1 076 952	1 148 822
Avkastning på pensjonsmidler/ aktuariel gevinst	- 1 577 352	-1 507 318
Periodisert arbeidsgiveravgift	548 182	669 571
Administrasjonskostnad	220 484	227 496
<b>Netto pensjonskostnad</b>	<b>5 837 431</b>	<b>6 986 276</b>

Antall personer omfattet av ordningen	2020	2019
Aktive	84	84
Pensjonister	17	13
<b>Totalt</b>	<b>101</b>	<b>110</b>

Økonomiske forutsetninger (ytelsesbaserte ordninger)	2020	2019
Diskonteringsrente	1,70 %	2,30 %
Forventet lønnsregulering	2,25 %	2,25 %
Forventet pensjonsøkning	1,24 %	1,24 %
Forventet regulering av folketrygdens grunnbeløp (G)	2,00 %	2,00 %
Forventet avkastning på fondsmidler	3,10 %	3,80 %

	2020	2019
Påløpte pensjonsforpliktelse	50 759 298	41 522 760
Pensjonsmidler (til markedsverdi)	- 43 857 737	- 39 543 564
Periodisert arbeidsgiveravgift)	731 566	209 795
Ikke resultatført vikring av estimataavvik	1 040 390	6 249 721
Netto pensjonsforpliktelse	8 673 517	8 438 712



Til generalforsamlingen i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

## Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

### Konklusjon

Vi har revidert Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS' årsregnskap som viser et overskudd på kr 7 676 842. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2020, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noteopplysninger til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2020, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

### Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

*Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av regnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i regnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifierer vår konklusjon om årsregnskapet og årsberetningen. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med dem som har overordnet ansvar for styring og kontroll blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

**Uttalelse om andre lovmessige krav***Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokførings praksis i Norge.

Førde, 13. april 2021  
Deloitte AS

  
**Leif Kilnes**  
statsautorisert revisor





Rehabiliteringssenter

**+** **Røde Kors** Haugland Rehabiliteringssenter